



STUDIEFORBUNDET
KULTUR og TRADISJON

Trebåt- byggjar

Kursa i Trebåtbyggjar er bygd opp kring kompetansemåla i læreplanen VG3 Trebåtbyggerfaget, og kan inngå som ein del av vegen til sveinebrev.

Trebåtbyggjar er eit samarbeid mellom Forbundet KYSTEN og Studieforbundet kultur og tradisjon.



Trebåtbyggjar er ei kursrekke på 9 kurs som legg vekt på praktisk arbeid med materialar, verktøy og teknikkar, samt på utvikling av handverksferdigheiter.

Om undervisninga

Ved å fullføre heile kursrekke får du praktisk innføring i alle kompetansemåla i læreplanen for VG3 Trebåtbyggerfaget.

Trebåtbyggjarfaget har lange tradisjonar og skal verke som kulturberar ved å ta vare på, utvikle og fornye eit tradisjonsrikt handverk ved at trebåtbyggjaren lagar, held ved like, reparerer og restaurerer trebåtar.

Opplæringa skal leggje vekt på praktisk arbeid med, og kreativ utnytting av materialar, verktøy og teknikkar, samt inspirere til idéutvikling og opparbeide handverksferdigheiter i bruk av framtidretta verktøy.

Om kursrekke

Ein kan ta heile kursrekke eller berre enkelte kurs. Kursrekke er lagt opp etter vanskegrad med anbefalt rekkefølge, dess lenger ut i rekke du kjem, dess større krav til forkunnskap.

Erfaring med trearbeid er eit krav. Kursrekke blir halde på Hardanger fartøyvern-senter i Norheimsund, Museet Kystens Arv i Stadsbygd og Risør Trebåtbyggeri i Risør. Sjå nettsida for oversikt over lokalisering.

Heile løpet går over tre år. Lærarane på Trebåtbyggjar er av dei beste på sitt fagfelt i landet.



www.kulturogtradisjon.no, tlf: 61 21 77 50

Sjå moduloversikten på www.kulturogtradisjon.no/opplaeringstilbud